

Hei alle i 5 - 10 klasse; BLI MED OG SYNG I KOR, bli med i JU/S !

Til hausten gjev Solstråla (5-7kl.) og Jondal Ungdomskor (8-10.kl.) tilbod om kor for dykk som går i 5.-10 klasse. Øvingane vert på torsdagane rett etter skulen, i Jondal kyrkje (og evt på kyrkjelydshuset, når konfirmantane er i kyrkja) Vi har korøving frå kl.14.10- 15.10, og for dei som vil, i tillegg frå 15.10 - 16.00 med muligheit for meir fellesøving, evt. enkeltundervising eller gruppeundervising vokalt/ instrumentalt i kombi med litt mat, litt leksearbeid og litt fri. Oppstart i slutten av august, alle påmelde får info om oppstarten via sms innan medio august.

Både Solstråla og Jondal Ungdomskor vert drive av Jondal sokneråd, og kontor Anne Karin Stormyr er dirigent og vokal/instrumentalpedagog. Koråret = skuleåret.

Påmelding vert å sende til Anne Karin innan 10.juli via as476@kyrkja.no.
Send: Eg blir med på JU/S

Namn + full adresse,
Fødselsdato + fødselsår + klassetrinn,
Namn, full adresse, telefonnummer og mailadresse til føreset(e)
Ok/ ikkje ok å vere med på evt. fellesbilete
Ok/ ikkje ok å vere med på evt. fellesskyss
Evt. info om allergiar eller andre ting vi bør ta omsyn til.

Samstundes med påmelding, innan 10.juli, betaler de kontingent for hausten 2025 slik:

5.-7.kl betaler kontingent til Solstråla 3450.27.04542, kr 150,- pr. barn, dersom søsken i Solstråla, betaler de kr 150,- for barn nr.1 + kr.100,- for barn nr.2.
Merk betaling med fornamn+ Haust 2025

8-10.kl. betaler kontingent til Jondal Ungdomskor kontonummer 3450.30.04757, kr.250,- pr ungdom. Merk betalinga med fornamn+ Haust 2025

Evt. matpengar og andre kostnader kan kome i tillegg, etter avtale.

Velkomne!!

Beste helsing JU/S (Jondal Ungdomskor og Solstråla)
v/Anne Karin Stormyr,
epost: as476@kyrkja.no,
mobil: 91394982

P.S: Dei av dykk som er konfirmantar i 9kl. som har lyst til å vere med, blir med på vanleg øving med JU/S når det ikkje er konfirmantundervising. Og når de betaler kontingent for JU/S, betaler de sjølv sagt ikkje ekstra for konfirmantkoret.